

# AVTALE

## KNYTT TIL REGIONALT DIGITALISERINGSSAMARBEID

Mellom

Xxx, Yyy, etc (43 kommunar\*) i Vestland fylke er det i dag inngått følgande avtale:

### Bakgrunn

Alle kommunar skal møte dei same lovpålagte oppgåvene og ha interaksjon med dei same sektorar og aktørar trass i at utgangspunkt og føresetnader i den enkelte kommune varierer. Innbyggjarar og næringsliv forventar digital samhandling med kommunen, sjølvbeteningsløysingar og tilgang til opne data. Teknologi gjer det mogleg å automatisere deler av den kommunale saksbehandlinga. Kvalitet og effektivitet i den digitale samhandlinga med innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv er viktig for den enkelte brukar av kommunale tenester, den interne saksbehandlinga og for samfunnet som heilskap.

Behovet for forsterka innsats på digitaliseringsområdet og sektorspesifikke krav til bruk av standardar og felleskomponentar aukar i takt med at omfanget av statlege digitaliseringsprosjekt som vedkjem kommunane og nasjonale felleskommunale prosjekt og løysingar veks fram. Kommunane opplever at digitale trendar utfordrar dagens tenesteproduksjon, og at det er krevjande å møte dei nasjonale initiativa innanfor ulike tenesteområde. Det felles regionale samarbeidet skal hjelpe kommunane til å møte desse utfordringane. Samarbeidet bygger vidare på erfaringane frå det tidlegare digitaliseringssamarbeidet i Hordaland, «Samordna regional digitalisering» og vil knytte seg mot dei strukturane KS etablerer med utgangspunkt i vedtak på Landstinget i februar 2020.

### Formålet med samarbeidet

Over ein periode har det vore aukande medvit i kommunal sektor om nytta av sterkare koordinering, samordning og prioritering av tiltak på digitaliseringsområdet. Kommunane og fylkeskommunane har i samband med dette oppfordra KS til å ta ei sentral rolle i dette arbeidet. Det gjeld særleg koordinering og det å fremme sektoren si interesse opp mot statleg nivå, men òg i arbeidet med felles utvikling av nasjonale løysingar. Regjeringa sin digitaliseringsstrategi har tydelege forventningar om at kommunal sektor i større grad skal involverast og medverke i avgjerder om korleis digitaliseringa av offentleg sektor skal skje, særleg på område som vedkjem kommunal sektor.

Formålet med samarbeidet innanfor Digi Vestland er å understøtte KS i arbeidet med nasjonale og felles kommunale satsingar på digitaliseringsområdet, vere eit tilretteleggande gjennomføringsorgan som støttar kommunane i digitaliseringsarbeidet og framstå som eit

bindeledd mellom den enkelte kommune og KS i dette arbeidet. Det skal arbeidast for å sikre at digitaliseringsnettverket blir ein sentral del i KS sin samstyringsstruktur på digitaliseringsområdet.

Det er eit mål for samarbeidet å oppnå gjenbruk av erfaringar og løysingskomponentar i heile fylket og å bidra regionalt inn mot nasjonal utvikling. Sekretariatet vil derfor aktivt arbeide for regional representasjon på relevante arenaer.

Sekretariatet skal greie ut område der kommunane ser nytte av felles tilnærming, og prøve ut felles løysingar innanfor et felles rammeverk, i størst mogleg grad på den felles integrasjons- og tenesteplatforma for kommunal sektor (FIKS). Sekretariatet skal samarbeide med KS regionalt og nasjonalt med sikte på å bidra til overføringsverdi til kommunane i regionen og nasjonal konsistens.

## Verdien av samarbeidet for den enkelte kommune

I Vestland fylke er det både store og små kommunar og kommunar som representerer by og distrikt. Digi Vestland skal ivareta dette mangfaldet i prosjekt og på dei nasjonale arenaene der samarbeidet er representert. Interne strukturar med underliggende prosessar skal sikre dette.

Gjennom å utvikle og ta vare eit langsiktig fagleg samarbeid og tilgang til felles løysingar og ressursar innanfor digitaliseringsområdet skal kommunane oppnå kvalitative innbyggareffektar, auka grad av sjølvbetening, meir effektiv tenesteproduksjon og betre utnytting av ressursane. Ansvar for å realisere gevinstane ligg hos den enkelte kommune.

Risikoen for eit digitalt klasseskilje mellom kommunar er aukande. Gjennom samarbeidet ønsker partane å hauste felles erfaringar og etablere ei system- og kompetansemessig plattform som jamnar ut ulikskapar og forsterkar og forenkler innsatsen på digitaliseringsområdet. Dette inneber at kommunane kan realisere synergjar, og sikrar

- deltaking på felles faglege arenaer
- tilgang til felles ressursar
- oppdatert innsikt og kunnskap frå nasjonale arenaer
- innføring av standardiserte løysingar og tenesteprosessar på sentrale område
- koordinert mottak av statlege og felleskommunale prosjekt
- koordinerte regionale anskaffingar

Eit felles kompetansemiljø på digitaliseringsområdet vil auke moglegheita for å gjennomføre felles tiltak og vere ein arena å møte nasjonale initiativ på. Samarbeidet vil i tillegg kunne bidra til å forenkle informasjonsflyt mellom kommunane sine interne løysingar og fellesløysingar som følger av nasjonale statlege og felleskommunale tiltak.

Kollektiv læring, erfaringsutveksling og felles infrastruktur gir grunnlag for å realisere framtidige effektar. Ved å legge til rette for standardisering, samordna utvikling og auka gjennomføringskraft på digitaliseringsområdet vil det regionale samarbeidet bidra til å styrke kommunane sin moglegheit for å ta i bruk og realisere effektar av nasjonale felleskomponentar og elektronisk samhandling mellom forvaltningsnivå.

## Partane si rolle og ansvar i samarbeidet

### ***Ansvar for alle deltakande partar***

Kvar part har ansvar for å arbeide for at formålet i avtalen blir oppnådd. Partane har òg ansvar for å bruke verkemidla dei har til rådvelde for å sikre måloppnåing, bidra med ressursar på felles arenaer og i prosjekt som blir etablert, og å arbeide for at relevante fellesløysingar blir tatt i bruk.

Dei deltakande partane ber sine interne kostnader som følger av samarbeidet.

Alle deltakande kommunar kan forplikte seg til å ta på seg ansvar som prosjekteigar for regionale prosjekt. Dette inneber å sikre at prosjektet svarar ut dei deltakande kommunane sine behov innanfor framdriftsplanar og budsjett det er semje om, medrekna tilrettelegging for innføring av løysing i samarbeidskommunane i dei tilfella dette er ein del av prosjektet sitt mandat. Fordeling av prosjekt mellom dei deltakande kommunane framgår av den til ei kvar tid gjeldande prosjektporteføljen.

Dei deltakande kommunane skal vere knytte til den nasjonale finansieringsordninga («DigiFin») som KS etablerte for dette området i 2017.

### ***Spesielt for Bergen kommune***

Bergen kommune har ansvar for tilrettelegging av eit felles sekretariat/prosjektkontor samlokalisert med Seksjon for digitalisering og innovasjon.

Med utgangspunkt i Bergen kommune sin posisjon på den nasjonale arenaen og gjennom kommunen sitt samarbeid med andre større kommunar er det svært sannsynleg at det vil framkomme større innovative initiativ. Bergen kommune blir oppfordra til å involvere det regionale samarbeidet der det er naturleg og mogleg.

### ***Spesielt for kommunane med representasjon i styringsgruppe***

Kommunar med representasjon i styringsgruppa har eit særskilt ansvar for å informere og involvere rådmenn i sine geografiske område og eventuelt andre kommunar innanfor den porteføljen av kommunar som er tilknytte den felles driftsleverandøren deira.


## Organisering

Realiseringa av arbeidet med å nå formålet i avtalen er organisert gjennom eit sekretariat, «*Sekretariat for DigiVestland*». Sekretariatet har ein koordinerande funksjon.

Tiltak skal organiserast som prosjekt, og bli leia av ein part i samarbeidet. Parten har eit regionalt gjennomføringsansvar. Andre kommunar deltar med ressursar inn i arbeidet. Den enkelte deltakande kommune har eit sjølvstendig ansvar for å realisere gevinstar av tiltaket.

Tiltaka blir leia ut i frå prinsippet om at mest mogleg ansvar blir delegert til det enkelte prosjekt innanfor rammer av sentral styring og koordinering. Partane er einige om at Bergen kommune leiar sekretariatet i medhald av prinsippa gitt nedanfor.

Sjå vedlegg for nærare skildring av organiseringa av samarbeidet.



Figur: Organisering av samarbeidet per juni 2020.

### Leiar for styringsgruppa

Kommunaldirektøren for Bergen kommune byrådsavdeling finans, næring og eiendom, eller den han utpeikar, leiar styringsgruppa.

Leiar for styringsgruppa kallar inn til møte i styringsgruppa, og er ordstyrar for møta.

### Styringsgruppe

Styringsgruppa består av

- Kommunedirektør/ Rådmann i Alver kommune (representerer Alver og kommunane i Nordhordland)
- Kommunedirektør/ Rådmann i Askøy kommune
- Kommunedirektør/ Rådmann i Bjørnafjorden kommune
- Kommunedirektør/ Rådmann i kommune i Hardanger/Voss
- Kommunedirektør/ Rådmann i kommune i Nordfjord
- Kommunedirektør/ Rådmann i kommune i Sogn/Sunnfjord
- Kommunedirektør/ Rådmann i kommune i Sunnhordland
- Kommunedirektør/ Rådmann i Øygarden kommune
- To representantar for Bergen kommune, inkludert leiar i styringsgruppa
- Ein representant for KS – observatør
- Ein representant for Fylkesmannen i Vestland – observatør

Styringsgruppa fattar avgjerder av overordna karakter i saker som partane må avklare i fellesskap for å realisere formålet med samarbeidet.

Styringsgruppa behandlar mandat og budsjett for sekretariatet og enkeltprosjekt som blir tatt i vare gjennom samarbeidet. Styringsgruppa behandlar òg andre dokument som er styrande for prosjekt i samarbeidet, avgjer og prioriterer fellesprosjekt og finansiering av desse, og oppfølging av framdrift og leveransar.

Endringar i dokumenta som er nemnde over skal òg godkjennast av styringsgruppa.

Styringsgruppa møtest kvartalsvis og elles ved behov.

Styringsgruppa skal søke konsensus om avgjerder. Dersom konsensus ikkje blir nådd, avgjer leiar i styringsgruppa.

Kvar part med gjennomføringsansvar skal sørge for at avgjerder fatta i styringsgruppa blir gjennomførte.

## ***Sekretariat***

Bergen kommune utpeikar leiar for sekretariatet. Leiar for sekretariatet har ansvar for å realisere samarbeidet i medhald av samarbeidsavtalen, mandat og andre vedtak fatta i styringsgruppa.

Sekretariatet forvaltar den samla porteføljen av nasjonale og regionale tiltak og prosjekt på vegner av styringsgruppa. Sekretariatet skal ta i vare følgande funksjonar:

- Administrasjon (følge opp samarbeidsavtalen og koordinere underliggende tiltak og prosjekt)
- Budsjettering, budsjettoppfølging og tildeling av midlar innanfor vedtatte rammer
- Etablere interne rutinar og prosessar knytte til prosjektgjennomføring
- Koordinere ekstern kommunikasjon og samhandling
- Dokumenthandtering og arkivering
- Administrativ forvaltning av metodar, verktøy og felles spesifikasjonar

## ***Ressursgruppe***

Det blir etablert ei ressursgruppe som består av digitaliseringssjefar eller tilsvarande i sentrale deltakarkommunar og leiar for sekretariatet. Gruppa kan utvidast med sentrale ressursar innanfor sekretariatet sine ulike fag-/tenesteområde. Formålet med ressursgruppa er å sikre realisering av samarbeidsavtalen sitt formål, styrke samhandlinga på tvers av kommunane og understøtte integrerande prosessar og oppgåveløysing som bidrar til den felles gjennomføringa.

Sekretariatet kan foreslå etablering av faggrupper innanfor spesifikke område relatert til digitalisering, medrekna arkitektur, sikkerheit, teknologi mv. Etablering av slike grupper, med tilhøyrande mandat, blir avgjort av styringsgruppa.

## **Gjennomføringsprosjekt**

Gjennomføringsprosjekta har ansvar for realisering av tiltak innanfor formål i samarbeidsavtalen. Porteføljen av prosjekt skal forankrast i styringsgruppa og leiast av enkeltkommunar. Styringsgruppa har rolla som porteføljestyre.

For kvart prosjekt skal det avtalast mandat og budsjett som er forankra blant dei deltakande partane og i styringsgruppa. Partane er forplikta til å delta aktivt inn i prosjekta og forhalde seg til rammer gitt gjennom samarbeidsavtalen.

## **Finansiering**

Samordna regional digitalisering vil bli finansiert gjennom midlar tilordna frå dei deltakande kommunane, med tillegg av midlar stilt til rådvelde for sekretariatet frå andre aktørar. Ut over dette deltar kommunane med eigeninnsats og finansiering inn i samarbeidet for å gjennomføre enkeltprosjekt og tiltak.

I dei tilfella der sekretariatet leverer tenester og spesialistkompetanse på område som den enkelte kommune elles ville kjøpt i marknaden eller tilsett i eigen organisasjon, skal dette avtalast og finansierast særskilt.

Enkeltprosjekt og tiltak blir finansiert særskilt. Plan for finansiering av det enkelte prosjekt skal leggest fram for styringsgruppa for vedtak. Den enkelte kommune har eit sjølvstendig ansvar for interne kostnader knytte til mottak av prosjekt og å realisere gevinstar av arbeidet.

## **Varigheit**

Avtalen gjeld frå underteikningstidspunktet og til 1. januar 2025.  
Avtalen skal evaluerast 1. halvår 2023.

## **Endringar**

Alle endringar til denne avtalen skal gjerast skriftleg, og krev semje mellom alle avtalepartane.

Stad, xx. månad 2020

For

.....  
kommune

.....  
kommune